

Arkiv: FE-620
JournalpostID: <jplD> 20/30103
Saksbehandlar:
Dato: 03.06.2020

Saksframlegg

| Saksnr. | Utvalg | Møtedato |
|---------|--------------------|------------|
| 057/20 | Alver formannskap | 11.06.2020 |
| | Alver kommunestyre | |

Investeringsprosjekt Bø bhg - inventar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner å auke ramma for prosjekt Bø Barnehage med 3,5 mill inkl mva. Midlane skal dekke innkjøp av inventar til 6 avdelingar.

Alver formannskap 11.06.2020:

Behandling:

Tilleggsframlegg frå S.Sekkingstad-SP:
Auken vert tatt inn i 1. tertialrapport.
Rådmannen sitt framlegg med tillegg vart samrøystes vedteke.

FO- 057/20 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner å auke ramma for prosjekt Bø Barnehage med 3,5 mill inkl mva. Midlane skal dekke innkjøp av inventar til 6 avdelingar.

Auken vert tatt omsyn til i 1. tertialrapport.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i Formannskapet
Saka skal til avgjerd i Kommunestyret

Bakgrunn

Det er under oppføring ny barnehage på Bø som skal stå ferdig til nyttår 2020. Dette prosjektet vart starta i Radøy kommune, der det ikkje var praksis for at inventar var del av bygget sitt investeringsbudsjett. Det vart i Radøy kommune sitt formannskap bestemt at avklaringar som gjaldt inventaret kunne venta til etter kommunesamanslåinga.

Saksopplysningar:

Nye Bø barnehage skal ha 6 avdelingar i tillegg til administrasjonsavdeling og fellesområde. Prosessen med å avklara behov for innkjøp av inventar er sett i gang, men er ikkje ferdig. Avklaringar knytt til økonomiske midlar for kjøp av inventar er viktig for å sikre at barnehagen er klar til opning ved nyttår. Arbeidsgruppe bestående av arkitekt, styrar i noverande Bø barnehage og tenesteleiar for barnehage har i fellesskap utarbeidd eit grunnlag som er lagt

til grunn for kostnadsestimat.

Arbeid med å vurdere behov for tenester og utstyr frå IktNH er ikkje sett i gang enno, men for å få eit bilete av kva kostnadar det kan dreie seg om nyttar ein kalkylane frå nye Lindås barnehage som kan samanliknast i storleik og driftsmodell.

Barnehagen sine 6 avdelingar vil kunne romma ca. 80 born, når ein reknar av dei minste. Behovet pr. i dag er på rundt 55 born. Det medfører at barnehagen kan klara seg med 4 avdelingar i startfasen.

Hordabø skule ligg tett på den nye Bø barnehage. Det har vore spelt inn at skulen kan ha behov for å nytte avdelingar i nye Bø barnehage til SFO.

Estimerte kostnadar for alt inventar er på omlag 3 000 000 nok inkl. mva. i tillegg kjem kostnadar til kommunalt nett og A/V-utstyr gjennom IktNH. Dette er estimert til ca. 550 000 kr inkl. mva. Totalt vil det vere behov for 3 500 000 kr inkl. mva for inventar til heile barnehagen.

Auken vert tatt inn i 1.tertialrapport.